

# **Møtebok 3 -2025**

## **Moster sokneråd**

### **tysdag 11.03 2025**

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Solveig Eikeland, Nils Otto Espeland, Elisabeth Jacobsen, Aksel Lygre, Gerda Bonde, Arthur Anglevik og Elisabeth G. Løkling( kom klokka 20.30)

#### **Sak 19 – 2025 Godkjenning av møtebok frå 11.februar og innkalling. Saker til ymse meldast her.**

**Vedtak:** Innkalling vart godkjent med tre saker til ymse  
Møtebok vart godkjent utan merknadar.

#### **Sak 20 – 2025 Oppfølging av tidlegare saker**

##### **\*Oppfølging av temakveld 16.01.2025 -forfylgde kristne**

- ikkje noko nytt

##### **\*Nådegavekurs. Kvar står saka?**

- forslag til kursinnhold er under utarbeiding. Forslag til ny dato er 17.-18.oktober

##### **\*Utstyrsskap – kor står saka?**

Ikkje noko nytt

##### **\*Bilete av prestane til våpenhuset**

Ikkje noko nytt

#### **Sak 21 – 2025 Oversikt over arrangementa vidare**

Felles samling for sokneråda i Bømlø kyrkje 13.mars 17:00. Tårnagenthelg 15.-16.mars. Årsmøte 20.mars. Songkveld søndag 23.mars kl.19:00. Besøk frå Estland 28 -30.mars – deltek i gudsteneste.

**Vedtak:** songkveld: Aksel ordner at det er folk på teknisk, og Hans Magne er kyrkjevert.

Det må vere kaker til kyrjekaffien 30.mars

**Sak 22 – 2025 Årsmøtet – siste gjennomgang.**

**Vedtak:** Innleiing til samtale ved Hans Magne Stokka og Elisabeth G. Løkling

Set opp bord: Aksel

Enkel servering: Solveig

**Sak 23 – 2025 KN-aksjonen 8.april**

**Vedtak:** Hans Magne Stokka spør Alf Helge Greåker etter ruter.

Kvelden før lagar soknerådet til rutene.

På Salem møter: Aksel, Hans Magne, Gerda og Rune

Elisabeth G. Løkling sjekker lister og tar med

**Sak 24 – 2025: Konfirmantfest, 27.april. Kven står for program og leiing?**

Betaling, meny, kven hjelper til m.m.?

**Vedtak:** Meny, kyllingsuppe mm. Betaling bør aukast til 150 kr. pr. gjest.

Solveig, Nils Otto, Gerda, Rune, Elisabeth, Aksel og Arthur stiller i komite.

Kvar konfirmant kan ha 4 gjester.

Aksel leiar festen saman med ein anna som han spør.

**Sak 25 – 2025: Temakveld 10.april med Morten D Stærk fra Menneskeverd – flybillett, annonse, overnatting, leiing m.m.**

**Vedtak:** Aksel hare ansvar for, annonse, overnatting, flybillett

Leiing: Solveig Eikeland

Enkel servering: Rune og Gerda

**Sak 26 – 2025 Me treng ny safe i Moster kyrkje.** Den gamle safen er

vanskeleg å opna, og me kan nokre gonger stå i fare for å ikkje greia å

gjennomføra kyrkjelege handlingar. Utsett frå førre møtet.

**Vedtak:** Me held fast ved den gamle safen. Hans Magne Stokka held kurs for klokkarane etter avtale.

**Sak 27 – 2025 Prioriterte målsetjingar: Ungdomsgudsteneste til hausten.**

**Dato, idear til innhald m.m.**

**Vedtak:** Søndag 7.desember vert det ungdomsgudsteneste. Tema er forfølgde kristne.

Kan ein invitera ein gjest som har noko konkret å fortelja?

### **Sak 28 – 2025 Prioriterte målsetjingar: Dugnad i våpenhus og vaskerom?**

**Vedtak:** Vaskerommet har ikkje ventilasjon fordi vifta er defekt. Rommet treng ei ny vifte. Fellesrådet blir bedt om å ordna ny vifte. I tillegg ønskjer me å male og lage nokre hyller i dette rommet.

### **Sak 29 – 2025 Skaffa midlar til reparasjon av sakristi**

**Vedtak:** det vert meir og meir prekært. Soknerådet ber om at fellesrådet set fortgang i arbeidet med vindauga.

### **Sak 30 – 2025 Referat og meldingar**

Utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv – ikkje møte

TOL-utvalet er blitt til KUL- utvalet- ikkje møte

Diakoniutvalet- ikkje møte

Fellesråd og administrasjon- ikkje møte

Estlandskomiteen – ikkje møte

Komité for hefte om nytt orgel: møte sist måndag, komiteen har samla inn stoff og reknar med å vere ferdig til 1.mai.

### **Sak 31 – 2025 rekneskap**

Info ved kasserar om nytt rekneskapssystem. Soknerådet godtar at me skiftar bankforbindelse. Kasserar føl opp denne saka.

### **Sak 32 - 2025 auke i overføring til fellesråd**

Overføringa har auka til 50 000 kr. Dette er ein auke på 25000. Denne auken i kostnader får følgje for budsjettet til soknerådet.

**Vedtak:** Soknerådet ber om at all auke i kostnader vert lagt fram for soknerådet til handsaming før ein sender rekning. Dette slik at soknerådet kan gjere vedtak.

### **Sak 33 – 2025 Vaskemaskin**

Undersøkje kostnader med å få installert vaskemaskin.

Hans Magne Stokka undersøker dette.